

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Videorom 1 i 4. etasje, Fylkeshuset
Dato: 21.11.2017
Tidspunkt: 10:00 – 15.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Leiar	H
Kristian Helland	Nestleiar	FL KRF/SP
Terje Kollbotn	Medlem	R

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Ruth Eriksen	Medlem	FRP

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Magne Ivar Fauskanger	Ruth Eriksen	FRP

Merknader

Olav Magnus Hammer, sjuk same dag og kunne ikke møte for Åse Gunn Husebø

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskommune
Roald Breistein	Seniorrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Inge Reidar Kallevåg
utvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikke underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 119/17	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 120/17	Rolla til kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune ved samanslåing - Arbeidsmøte 2	2016/3311	

PS 119/17 Godkjenning av innkalling og sakliste**Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.11.2017****Vedtak**

Innkalling og sakliste vart samråystes vedteke.

PS 120/17 Rolla til kontrollutvala i Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune ved samanslåing - Arbeidsmøte 2**Forslag til vedtak**

Det vert ikkje lagt opp til å gjera vedtak i saka.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.11.2017**Handsaming i møte**

Møtereferat etter arbeidsmøtet mellom kontrollutvala i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar

Arbeidsmøte kl. 13.00 – 15.00 (Video møte)

Til stades:

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune:

- Inge Reiar Kallevåg, leiar
- Kristian Helland, nestleiar
- Terje Kollbotn, medlem
- Magne Fauskanger (vara)
- Sekretariat for kontrollutvalet Hogne Haktorson og Roald Breistein - Referent
- Forfall: Ruth Eriksen og Åse Gunn Husebø

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune:

- Frank Willy Djuvik, leiar – møteleiar i møtet
- Odd Atle Stegegjerdet, nestleiar
- Klaus Iversen
- Karoline Aldis Bjerkeset
- Frode Bøthun (vara)
- Forfall: Lise-May Sæle

- Sekretariat for kontrollutvalet Einar Ulla
- Dagleg leiar Sogn og Fjordane Revisjon IKS Marianne Vara

Sekretariata i dei to fylkeskommunane la fram eit likelydande saksframlegg i saka.

1. Framtidig revisjonsordning – Val av revisjonsordning:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har rekneskapsrevisjon og selskapskontroll i eigenregi. Forvaltningsrevisjon er konkurranseutsett.

Dagleg leiar Marianne Vara i SF revisjon IKS orienterte om selskapet. Det kom fram at nærleik til kommunen og god dialog er viktig. Rask respons på henvendingar vert prioritert. Er alt for liten og sårbar slik det er no.

Vidare orienterte ho om status i den pågående prosess for å få til ei større revisjonseining i Sogn og Fjordane ved å slå saman fleire revisjonseininger. SF revisjon, Kryss revisjon og Nordfjord kommunerevisjon – til saman ca. 18 årsverk i dei tre einingane. Ser for seg at det må til reduksjon i staben på sikt. Mål å få samanslåinga på plass i kommunestyra/fylkestinget vår 2018 og etablert frå 1.1.2019. Det nye selskapet kan levere forvaltningsrevisjon dersom det er ønskelig. Vil legge inn tilbud i eventuelle konkurranse fra andre kommuner. Det er viktig å få med den nye fylkeskommunen i det nye selskapet. Ho opplyste at dei berre kan by på konkurransar som utgjer inntil 15 – 20 % av omsetninga. Rapport utarbeidd i samband med samanslåinga av dei 3 revisjonseiningerne omtaler denne problemstillinga. Denne rapporten vert send kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Frank Willy: Om Sogn og Fjordane fylkeskommune vil gå inn i dette nye selskapet er ikkje avklart enno. Erfaring med forvaltningsrevisjon etter konkurranseutsetting er veldig gode. Men å skifte rekneskapsrevisor kvart 4. år er krevjande og kanskje ikkje ønskjeleg. I ny fylkeskommune vil det uansett vera nye område for rekneskapsrevisor, enten det er i eigenregi eller konkurranseutsett. SF revisjon kjenner ikkje Hordaland i dag. Semje i Sogn og Fjordane om at forvaltningsrevisjon/ selskapskontroll bør konkurranseutsetjast.

Klaus: Delt ordning mellom rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon i nokre år kan vera ei løysing ved å lyse ut begge delar kvar for seg.

Inge Reidar: Hordaland fylkeskommune vil behalde noverande ordning og er ikkje stemt for å gå tilbake til eigenregi. Har frå 2007 konkurranseutsett alt innan revisjon.

Konklusjon:

Det er stemning for ei delt ordning der revisjonsordning for rekneskapsrevisjon vert vurdert for seg og forvaltningsrevisjon og selskapskontroll for seg.

Sekretariatet arbeider med ei sak til møte i februar om innstilling til fellesnemnda om val av revisjonsordning. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har møte 05.02.18 og kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 20.02.2018. Sak om eigarskap i eventuell samanslått revisjonseining i Sogn og Fjordane skal ikkje inngå i ei slik sak.

2. Eventuell konkurranseutsetting av revisjonen – Val av revisor:

Kjem eventuelt seinare.

3. Aktuelle sekretariatordningar – Val av sekretariatsordning:

Har no eigenregi i begge fylkeskommunane. Fortsette noverande ordning. Kontrollutvala kan leggje fram sak for fellesnemnda på at sekretariatsfunksjonen skal skje i eigenregi.

Frank Willy: Deretter må ein ta kontakt med personalavdelingane for å få hjelpe til korleis ein skal ivareta det personalmessige, og i første rekke få på plass kontrollsjef. Kontrollsjefen kan deretter ordne det

resterande av organisering. Er klar over at hovudvekta av arbeidet ligg i Bergen. Det er ikkje slik at leiar må sitte i Bergen i dagens teknologiske samfunn. Det er bra at ein har kompetanse og personar på begge stader. Treng ikkje vera eit hovudkontor.

Inge Reidar: Hordaland har ein spesiell situasjon i høve eksterne kundar, ved at dei har 17 kommunar + BKF utanom fylkeskommunen. Kundane våre må vektleggast i ein slik diskusjon.

Terje: Senteret bør ligge i Bergen i og med nærleik til kundane ein skal betjene.

Klaus: Einig om sekretariat i eigenregi i denne omgang med forslag til fellesnemnd. Deretter bygge på andre miljø som kan hjelpe til å få den vidare prosessen på plass.

Konklusjon:

Saksgrunnlaget skal lagast av Inge Reidar og Frank Willy når det gjeld innstilling på val av sekretariatsordning til møtene i desember. Då kan det handsamast i fellesnemnda sitt første møte i 2018.

Deretter må det drøftast med personalavdelingane og tillitsvalde korleis ein skal gå vidare i høve til å få på plass ein kontrollsjef for det nye sekretariatet. Når det er på plass kan den nye kontrollsjefen førebu sak til kontrollutvala på framtidig organisering av det nye sekretariatet.

Mål å vera ferdig med dette arbeidet innan sumaren 2018. Altså val av kontrollsjef med funksjonstid fra 01.01.2020, men som også kan gjera/leia saksførebuande arbeid ift. ny fylkeskommune før denne er etablert.

4. Evaluering av planar:

Plan for forvaltningsrevisjon mest aktuelt. Plan for selskapskontroll lite aktuelt å samkøyre.

Roald: Forslag om å be Deloitte komme med forslag til prosjektplan for evaluering av begge planane.

Konklusjon:

Begge kontrollutvala bør handsame sak i desember om bestilling hjå Deloitte av prosjektplan for felles evaluering av planane. Bestillinga bør vera at forslag til prosjektplan vert levert til handsaming i første møte i utvala i 2018.

5. Kontroll av fellesnemnda

Frank Willy: Alt som fylkestinga har delegert er KUV sitt kontrollansvar. Korleis ein skal gjera det reint praktisk er ikkje enkelt å svare på. Må få på plass ein plan.

Klaus: Sogn og Fjordane og Hordaland må kvar for seg kontrollere det arbeidet som vert gjort i fellesnemnda. Arbeid med oppfølging av arbeidet i fellesnemnda bør kunne leggjast til den nye kontrollsjefen.

Roald: Invitere inn prosjektleiar eller fylkesordførar i møta for å orientere om status. Møta vil verta opne men om dei vert streama er usikkert.

Einar: Nokon bør vera til stades i møta i fellesnemnda.

Karoline: Må vera edrueleg med kva ein legg av oppgåver på ny kontrollsjef.

Konklusjon:

Invitere prosjektleiar eller fylkesordførar inn i første møte i kontrollutvalet i 2018 for å orientere om status i arbeidet i fellesnemnda.

6. Kontroll av noverande fylkeskommunar

Frank Willy: Reknar med at det er under kontroll som no.

7. Forslag til framdriftsplan

Det vart semje om å følge den føreslårte framdriftsplanen, justert for at sak om val av sekretariatsordning kjem opp i første møte i fellesnemnda i 2018.

8. Neste felles møte

Tentativ møte dato i slutten av mars starten av april 2018. Dialog mellom Einar og Hogne/Roald om ein dato.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.